

Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette på vegner av A, H, Sp, MDG, KrF, SV, V, Frp, Pp, R fram slikt forslag til fråsegn til departement, statsråd og Hordlandsbenken og Sogn Fjordane-benken:

«Styrk medisinutdanninga på Vestlandet – behald utdanninga ved Universitet i Bergen

Grimstadutvalget leverte i september 2019 sin innstilling «Studieplasser i medisin i Norge - Behov, modeller og muligheter» til Kunnskapsdepartementet.

For å kunne dekke landet sitt legebehov er det trøng for 440 nye studieplassar på medisin i Norge. Vestland fylkesting meiner det er avgjerande at fordelinga av desse nye studieplassane sikrar ei robust og slagkraftig medisinutdanning, og at vi samstundes sikrar at vi har nok legar i vårt geografiske område. Universitetet i Bergen har utvikla ein visjon om å utdanne «Vestlandslegen»; legar på Vestlandet, for Vestlandet, som eit pedagogisk kompetanseløft i heile landsdelen. Planen skal ikkje berre tene studentane, men og tilføre heletenestene i Helse Vest akademisk kompetanse, styrke kvaliteten og konkurransekrafta i forskingsmiljøa, betre samarbeidet mellom helseføretaka og betre rekrutteringa i regionen. For å nå desse måla meiner Vestland fylkesting at det ikkje bør startes eit eige medisinsk fakultet i Stavanger, men heller bygga oppunder det tilbodet som allereie er utvikla ved Universitet i Bergen.

Vestland fylkesting støtter således opp om utvalgets medlemmer Grimstad, Hunskår og Straume som anbefaler «at det i den foreslalte opptrappingen av studieplasser ikke gis gradsrettigheter for profesjonsstudiet i medisin til flere universiteter enn dagens fire.»

Ei oppdeling av medisinutdanninga på Vestlandet vil få mange uheldige konsekvensar. Det vil både vere svært kostnadskrevjande, det gjer dårleg utnytting av eksisterande fagleg og administrativ infrastruktur og det vil føre til mindre konkurransekraft om norske og internasjonale forskningsmidlar. Ein fordel med ei samla utdanning er at utdanningsinstitusjonen kan sjå heile landsdelen under ett, og sikra at heile Vestlandet vert tatt i bruk når studentane skal ut i praksis, slik UIB allereie gjer ved sjukehusa i Bergen, Førde, Haugesund og Stavanger. Dette gjev rekruttering av legar på heile Vestlandet.»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt.

Vedtak

Styrk medisinutdanninga på Vestlandet – behald utdanninga ved Universitet i Bergen

Grimstadutvalget leverte i september 2019 sin innstilling «Studieplasser i medisin i Norge - Behov, modeller og muligheter» til Kunnskapsdepartementet.

For å kunne dekke landet sitt legebehov er det trøng for 440 nye studieplassar på medisin i Norge. Vestland fylkesting meiner det er avgjerande at fordelinga av desse nye studieplassane sikrar ei robust og slagkraftig medisinutdanning, og at vi samstundes sikrar at vi har nok legar i vårt geografiske område. Universitetet i Bergen har utvikla ein visjon om å utdanne «Vestlandslegen»; legar på Vestlandet, for Vestlandet, som eit pedagogisk kompetanseløft i heile landsdelen. Planen skal ikkje berre tene studentane, men og tilføre heletenestene i Helse Vest akademisk kompetanse, styrke kvaliteten og konkurransekrafta i forskingsmiljøa, betre samarbeidet mellom helseføretaka og betre rekrutteringa i regionen. For å nå desse måla meiner Vestland fylkesting at det ikkje bør startes eit eige medisinsk fakultet i Stavanger, men heller bygga oppunder det tilbodet som allereie er utvikla ved Universitet i Bergen.

Vestland fylkesting støtter således opp om utvalgets medlemmer Grimstad, Hunskår og Straume som anbefaler «at det i den foreslalte opptrappingen av studieplasser ikke gis gradsrettigheter for profesjonsstudiet i medisin til flere universiteter enn dagens fire.»

Ei oppdeling av medisinutdanninga på Vestlandet vil få mange uheldige konsekvensar. Det vil både vere svært kostnadskrevjande, det gjer dårleg utnytting av eksisterande fagleg og administrativ infrastruktur og det

vil føre til mindre konkurransekraft om norske og internasjonale forskningsmidler. Ein fordel med ei samla utdanning er at utdanningsinstitusjonen kan sjå heile landsdelen under ett, og sikra at heile Vestlandet vert tatt i bruk når studentane skal ut i praksis, slik UIB allereie gjer ved sjukehusa i Bergen, Førde, Haugesund og Stavanger. Dette gjev rekruttering av legar på heile Vestlandet.